

---

**Fra:** Postmottak Norddal kommune <post@norddal.kommune.no>  
**Sendt:** onsdag 22. februar 2017 14.45  
**Til:** Postmottak Norddal kommune  
**Emne:** Landbruksmelding «Endring og utvikling», St. Meld. 11 - oppfordring til å støtte uttale frå Norddal kommunestyre  
**Vedlegg:** Landbruksmelding - Uttale frå Norddal kommunestyre3.pdf  
**Kategorier:** Gul kategori

Til kommunane i Norge v/ordførar

Regjeringa har lagt fram ei nylandbruksmelding , Meld.St.11: Endring og utvikling, som skal handsamast i stortinget i løpet av våren 2017. Norddal kommunestyre har samrøystes vedteke ein uttale til meldinga der ein åtvarar mot ei dreining av norsk landbruk i ei meir liberalistisk retning, som på sikta kan svekke forhandlingsinstituttet, marknadsreguleringa og kanaliseringspolitikken. Dette er viktige bereelement for ei næring som er sjølv garantisten for fast busetting i heile Noreg. Noreg er ikkje bygt for stordrift. Difor vil ei omlegging med større vekt på volumproduksjon og konsentrasjon av produksjonen i dei beste områda, kunne rive grunnlaget vekk under det småskala landbruket som sikrar busetnad, beredskap, kortreist mat, pleie av kulturlandskap og infrastruktur for reiselivsnæringar m.m. I mange deler av landet vil eit frislepp av marknadskrefter slik utvikling føre til avfolking og utflytting. Då vil landet gro att og vi står igjen med «glesbygder» som i Sverige.

Med vising til ovannemnte, vil eg på vegne av Norddal kommunestyre, oppfordre andre kommunestyre til å støtte oppropet. Det er i alle sin interesse at den særnorske landbruksmodellen kan overleve og slik bidra til å siker busetnad og arbeidsplassar i det ganske land.

Med vennleg helsing

Arne Øyvind Sandnes  
Ordførar i Norddal kommune  
Verdsarvkommune  
Tlf: 97669990